



Kommunedelplan for trafikksikring 2018-2021

VINJE KOMMUNE

Vedteken i kommunestyret 18.01.2018, sak 18/7

1. Innhold

1	Samandrag.....	2
2	Innleiing.....	3
3	Overordna planar	3
4	Trafikkvisjon for Vinje kommune	3
5	Prioriterte fysiske tiltak.....	4
5.1	Gang- og sykkelveggar.....	4
5.2	Gateljos.....	5
5.3	Kryss/utbetringsiltak	6
5.4	Kollektivtiltak	6
5.5	Skilting og fartsreducerande tiltak	6
5.6	Tiltak som er utført sedan førre periode (2008-2015):	7
6	Trafikkbildet – ulukkesstatistikk 2006-2016.....	8
6.1	Ulukkesfordeling 2006-2016	8
6.2	Alvorlege ulukker.....	8
6.3	Ulukker fordelt på vegtype.....	9
6.4	Ulukker fordelt på ulukkestypar	10
6.5	Ulukker fordelt på fartsgrense	11

1 Samandrag

Kommunedelplan for trafikksikring 2018-2021 er ei rullering av eksisterande plan, vedteken i kommunestyret 18.01.18, sak 18/7. Planen er ein viktig del av nasjonale transportmyndighetars arbeid etter «nullvisjonen» som inneber ingen drepne eller hardt skadde i trafikken. Det leggast vekt på mjuke trafikantar i arbeidet. Overordna planar:

- Nasjonal transportplan 2013-2023
- Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2014-2017
- Regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015-2025

Mål og strategiar:

- Ingen drepne eller alvorleg skadde trafikantar
- Trygg skuleveg
- Trygt for mjuke trafikantar
- Arbeide for gode kollektivløysingar i regionen
- Alle skal føle seg trygge i trafikken og innbyggjarane skal føle at det er trygt å ferdast i trafikken i kvardagen, mellom bustad og verksemder.
- Kontinuerlig vurdere og sette i verk nødvendige tiltak med fokus på kva som kan gjerast av trafikksikringstiltak lokalt.
- Målretta førebyggjande tiltak på lokaliserte ulukkespunkt der dei alvorlege ulukkene skjer.

Topp 10 prioriterte tiltak:

1. Fv 362 Neslandskrysset – Harkjestaul
2. Fv 801 Lidvegen – Øyfjell skule
3. Fv 37 37 Krossen – Austbø
4. E134 Vinjar – avkøyringa til Jordevegen
5. Fv 38 Åmot – Brubakk
6. E134 Bøgrend – avkøyringa til Vinjestoga
7. Kv del av Kromvikvegen Møbø – Steinbakken
8. Fv 362 Kromvikvegen – Alpinsenteret
9. Fv 852 Neslandskrysset – Akademiet
10. Fv 37 frå kryss til Åbø – avkøyring til Øyfjell

Statens vegvesen har 157 registrerte ulukker med personskadar i perioden 2006-2016. Det var minst ulukker i 2015 og mest i 2006, høvesvis 8 og 24. E134 er veganlegget med flest registrerte ulukker. Minst ulukker er det på dei kommunale vegane. Tal skadde i perioden er 225. 187 lettare skadd, 6 dødsulukker. Den mest vanlege ulukkestypa er utforkøyring med einsleg køyretøy. Møteulukker er det òg meir av enn dei andre typane.

2 Innleiing

Kommunedelplan for trafikksikring 2001-2005 i Vinje kommune vart vedteken i kommunestyret 27.09.01. Planen vart vedteken rullert 30.10.08, med en periode frå 2008-2015. Kommunedelplan for trafikksikring 2018 – 2021 er ei rullering av eksisterande plan. Arbeidsgruppe for planarbeidet er Lotte Næss, Turid Mæland, Ida Larsen Reinsviki, Tone Midtbø og Åge Verpe.

Nasjonale transportmyndighetar har i fleire år arbeidd etter "nullvisjonen" som inneber ingen drepne eller hardt skadde i trafikken. Ein viktig del av kommunens bidrag til å oppnå dette målet blir kommunedelplan for trafikksikkerhet. Kommunen har avsett ein rekke midlar på budsjett framover til trafikksikringstiltak. Vinje kommune vart «Trafikksikker kommune» den 23.05.17, med hovudfokus på haldningsskapande arbeid. Det leggjast vekt på skuleveg og mjuke trafikantar.

3 Overordna planar

Nasjonale planar

- Nasjonal transportplan 2013-2023
- Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2014-2017

Regionale planar

- Regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015-2025

4 Trafikkvisjon for Vinje kommune

Det skal vere trygt å ferdast i Vinje, baa som mjuk og hard trafikant. Mål og strategiar:

- Ingen drepne eller alvorleg skadde trafikantar
- Trygg skuleveg
- Trygt for mjuke trafikantar
- Gode kollektivtilbod for alle
- Alle skal føle seg trygge i trafikken og innbyggjarane skal føle at det er trygt å ferdast i trafikken i kvardagen, mellom bustad og verksemder.
- Kontinuerlig vurdere og sette i verk nødvendige tiltak med fokus på kva som kan gjerast av trafikksikringstiltak lokalt.
- Målretta førebyggjande tiltak på lokaliserte ulykkespunkt der dei alvorlege ulykkene skjer.

5 Prioriterte fysiske tiltak

Kostnadene som står i tabellane må oppfattast som orienterande, og kvart tiltak må vere gjenstand for særskilt kalkulasjon før det vert klart kva som må løyvast.

Gjennomføring av tiltak : Større tiltak vert prioriterte gjennom politisk handsaming, mindre tiltak vert prioriterte administrativt. Nokre større tiltak vert likevel gjennomført utanom prioritering ved serlege høve.

Alle framlegg til planar i området skal sendast fylkeskommunen til fråsegn. Jfr.

Kulturminnelovens § 9. Dette gjeld anten det er planar i medhald av plan- og bygningslova eller det er andre planar.

Mange av tiltaka er knytt opp til veganlegg som høyrer til Fylkeskommunen eller Staten.

Vinje kommune har ved fleire høve vore byggherre på vegne av fylke og stat. Dette er krevjande og mykje forarbeid som må vere avklart, til dømes:

- Reguleringsplan
- Utbyggingsavtale mellom Vinje kommune og stat/fylke

Kommunen kan og i visse høve gjere reine forskoteringsavtalar som vart gjort med utbygginga av E134 Grungedal. Desse avtalene er enklare fordi dei er meir finansielle.

Tiltak som skal prioriterast er:

- Gang- og sykkelveggar
- Gateljos
- Kryss / utbetringsstiltak
- Kollektivtiltak
- Skilting og fartsreducerande tiltak

5.1 Gang- og sykkelveggar

Forslag til prioritet	Område, vegstrekning	Lengde m	Kostnad (7000 kr/lm)	Status	Ansvar for oppfølging
1	Fv 362 Neslandskrysset – Harkjestaul	2600	25 000 000	Regulert (kostnadsoverslag ligg føre)	Fylkeskommunen
2	Fv 801 Lidvegen – Øyfell skule	900	6 300 000	Må regulerast	Fylkeskommunen/ Vinje kommune
3	Fv 37 37 Krossen – Austbø	1500	25 000 000	Må regulerast (kostnadsoverslag ligg føre)	Fylkeskommunen
4	E134 Vinjar – avkøyringa til Jordevegen	150	1 050 000	Regulert	Statens vegvesen

5	Fv 38 Åmot – Brubakk	300	3 000 000	Regulert, gjennomført til Kvito	Fylkeskommunen
6	E134 Bøgrend – avkøyringa til Vinjestoga	5000	35 000 000	Må regulerast	Statens vegvesen
7	Kv del av Kromvikvegen Mobø – Steinbakken	600	4 200 000	Regulert	Vinje kommune
8	Fv 362 Kromvikvegen – Alpinsenteret	300	2 100 000	Regulert	Fylkeskommunen
9	Fv 852 Neslandskrysset – Akademiet	500	3 500 000	Må regulerast	Fylkeskommunen
10	Fv 37 frå kryss til Åbø – avkøyring til Øyfjell	700	4 900 000	Må regulerast	Fylkeskommunen
11	Kv v/Esso Haukeli	200	1 400 000	Må regulerast	Vinje kommune
12	Fv 37 Garatun – Heimvegli	7500	52 500 000	Må regulerast	Fylkeskommunen

5.2 Gateljos

Forslag til prioritet	Område, vegstreking	Lengde m	Kostnad (1000 kr/lm)	Status	Ansvar for oppfølging
1	E134 Mogane, frå oppkøyring Brekkestøyl til avkøyring Heie	300	210 000		Statens vegvesen
2	Langs Fv 362 Vå	1000	700 000		
3	Fv 801 Rorgegrenda	2500	1 750 000		
4	Fv Drivarbekkdalen	1700	1 190 000		
5	Fv 362 Gardsjord – Raulandsfjell	3500	2 450 000		
6	Kv Lidvegen i Øyfjell	3000	2 100 000		
7	Kv Øyfjell kyrkjevegen	850	595 000		
8	Fv Fiskestigen frå Fv 801	1900	1 330 000		

5.3 Kryss/utbetringstiltak

Forslag til prioritet	Område, vegstrekning	Problem	Forslag til tiltak	Berekna kostnad kr	Ansvar for oppfølging
1	E134 avkøyring til Surgrav	Farleg og uoversiktleg avkøyring	Flytte E134 nokre meter mot vest	2 500 000	Statens vegvesen
2	E134 ved Mjonøy	Farleg avkøyring	Flytte avkøyrsla	500 000	Statens vegvesen
3	E134 ved Vinje kyrkje	Parkering ut i vegbanen	Markere eksisterande p-plassar, etablere nye	700 000	Vinje kommune

5.4 Kollektivtiltak

Forslag til prioritet	Område, vegstrekning	Problem	Forslag til tiltak	Berekna kostnad kr	Ansvar for oppfølging
1	Fv 37 ved Hommostøylen	Farleg på/avstiging frå buss	Lage busslomme	2 000 000	Fylkeskommunen
2	Fv 38 ved Mannås	Buss-stopp	Lage busslomme	2 000 000	Fylkeskommunen

5.5 Skilting og fartsreducerande tiltak

Område, vegstrekning	Problem	Forslag til tiltak	Berekna kostnad kr	Ansvar for oppfølging
Fv 362 før Bruflote	Høg fart i kryss, uklar fartsgrense	Redusert fartsgrense til 50 km/t		Fylkeskommunen
Fv 37 Austbø – Torvetjønn	Auka trafikk, fleire trafikantar	Vurdere nedsett fartsgrense		Fylkeskommunen

Fv 37 innkøyring til Hovdeli	Auka trafikk, fleire trafikantar	Utviding av 60-sone		Fylkeskommunen
Fv 37 innkøyring til Heimvegli	Auka trafikk, fleire trafikantar	Utviding av 60-sone		Fylkeskommunen
Fv 801 forbi skulen og nordover til Trovassli	Høg fart, dårleg sikt, skuleveg	Redusert fartsgrense frå 60 til 50/40 km/t		Fylkeskommunen
Fv 801 Rorgegrenda	Høg fart, busetnad	Redusert fartsgrense frå 80 til 60 km/t		Fylkeskommunen
Fv Drivarbekkdalen	Høg fart, busetnad	Redusert fartsgrense frå 80 til 60 km/t		Fylkeskommunen
Fv 801 frå bui i Øyfell til skulen	Høg fart, busetnad	Fartsdemparar		Fylkeskommunen
Fv 38 ved Mannås	Høg fart, busetnad	Redusert fartsgrense frå 80 til 60 km/t		Fylkeskommunen

5.6 Tiltak som er utført sedan førre periode (2008-2015):

Gang- og sykkelveg

- E134 Leirlid bru – Plassane, Tokke grense
- Fv 37 Krontveit mot Krossen

Gateljos

- E134 start 60 sone – Plassane
- Gamle E76 Grungedal

Kryss/utbetringstiltak

- E134 Åmot – Rogdeli
- E134 Grunge kyrkje – Velemoen
- Kv Steimerre

5.7 Framtidige behov


- Fv 801 gsveg frå Vik til Brekke
- Kv Såtehov utviding av skulder

6 Trafikkbildet-ulukkesstatistikk 2006-2016

Talmaterialet som er brukt baserar seg på 157 registrerte ulukker frå 2006-2016. Ulukker utan personskade er ikkje med i det statistiske grunnlaget.

6.1 Ulukkesfordeling 2006-2016

I perioden 2006-2016 viser talmateriale frå Statens vegvesen at det i Vinje har vore eit gjennomsnitt på 14,3 ulukker i året. Med ein normalfordeling vil det minst skje 1,2 ulukker kvar månad gjennom heile året. Det var minst ulukker i 2015 og mest i 2006, høvesvis 8 og 24.




6.2 Alvorlege ulukker

Tal skadde ligg på 225 i perioden 2006-2016, der 187 er lettare skadde, medan 6 døde i trafikken innanfor perioden.



6.3 Ulukker fordelt på vegtype


E134 er veganlegget med flest registrerte ulukker innanfor kommunegrensa og med flest tal drepne og skadde. Det er òg ein del ulukker på fylkesvegar, medan det er minst på dei kommunale vegane.



Fylkesvegar er her dei vegane som i dag er klassifisert som fylkesvegar. Frå og med 01.01.10 blei ein del riksvegar omklassifisert til fylkesvegar. Ein del av ulukkene har altså skjedd på det som tidlegare var riksvegar.

6.4 Ulukker fordelt på ulukkestypar

Utforkjøring med einsleg kjøretøy er den mest vanlege ulukkestypa i Vinje i perioden 2006-2016. møteulukker er det ein del meir av enn dei andre typane.



6.5 Ulukker fordelt på fartsgrense

Diagrammet synar at dei fleste ulukkene skjer i 80 soner, men òg ein del i 60 soner.

